

VINDAFJORD KOMMUNE
Rådhusplassen 1
5580 ØLEN

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Dato:
25/2600-10	Sak/dok.: 06/01382-135	28.08.2026
	Ark.: 326.12	

Oppstart av namnesak 2026/54 – Djupevik/Jupevik mfl. – Vindafjord kommune

I samband med adressering i Vindafjord kommune har kommunen teke opp namnesak for stadnamnet *Jupevik/Djupevik*, jf. brev datert 14.04.2026. Kartverket nyttar samstundes høvet til å reisa namnesak for nokre fleire namn som har skrivemåtestatusen 'føreslege' i Sentralt stadnamnregister (SSR). I tillegg til primærnamna tek me avleidde namn med i saka, jf. § 8 siste ledd i forskrift om stadnamn. Saka vert teken opp for å få avklart og formalisert rett skrivemåte for offentleg bruk.

Kartverket sender med dette saka på lokal høyring i kommunen, jf. § 8 i lov om stadnamn.

Det går fram av den vedlagde lista kva for nokre namn som er med i saka.

For fleire opplysningar om namna, sjå innsynsløysinga for SSR: <https://stadnamn.kartverket.no/fakta>. Somme bruksnamn står berre i matrikkelen, og er søkbare i Eigedomsregisteret: <https://eiendomsregisteret.kartverket.no>. Søk på: gnr./bnr., namnet på kommunen, t.d. 184/1, *Vindafjord*.

Lokal høyring

Kartverket har vedtaksrett for skrivemåten av m.a. naturnamn, nedervde gards- og bruksnamn, stølsnamn og statlege anlegg. Før me gjer vedtak, har kommunen rett til å uttala seg. Eigarar og festarar har rett til å uttala seg om gardsnamn og bruksnamn, og lokale organisasjonar har rett til å uttala seg om skrivemåten av namn som dei har serleg tilknytning til. **Saker som gjeld bruksnamn, skal eigarane få tilsende direkte frå kommunen.** Det går fram av den vedlagde lista kva for nokre bruk dette gjeld.

Etter lova skal skrivemåten fastsetjast med utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen av namnet. Difor bed me om at alle som uttalar seg, opplyser kva som er den lokale dialektuttalen. Dersom namnet vert uttalt på ulike måtar, bed me om å få opplyst dei ulike uttaleformene.

Normeringsprinsipp

I tillegg til å ta utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen, skal ein som hovudregel fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp ved normering av stadnamn, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn. Skrivemåten skal vera praktisk og ikkje skyggja for meiningsinnhaldet i namnet. I *utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* er det meir detaljerte føresegnar om korleis stadnamn skal normerast.

Skrivemåten av primærnamnet vil normalt vera retningsgjevande for skrivemåten av det same namnet i andre funksjonar, t.d. for adressenamn som er like eller avleidde av namnet, jf. § 4 tredje ledd i lova. Kommunen må difor ta omsyn til den vedtekne skrivemåten av primærnamnet når dei ev. skal gjera vedtak.

Inntil namnesaka er ferdig handsama, kan kommunen ev. fastsetja eit mellombels adressenamn, jf. [kap. 6.6 i Adresserettleiaren](#).

Vidare saksgang

Kommunen har ansvaret for å kunngjera at namnesaka er reist, t.d. med notis i lokalaviser og på nettsidene sine. Kommunen har òg ansvaret for å henta inn og samordna dei lokale høyringssvara. Kvar av partane har to månader på seg til å gje høyringssvar frå dei får saka.

Høyringssvara skal sendast til *Språkrådet, Postboks 1573 Vika, 0118 Oslo* (post@sprakradet.no), med kopi til Kartverket.

Kommunen må gjennomføra høyringa og senda høyringssvara til Språkrådet innan tre månader frå dei får dette brevet. Språkrådet vil så gje endeleg tilråding til Kartverket.

For fleire opplysningar om saksgang, kontakt Kartverket på telefon 32 11 80 00. For namnefaglege spørsmål, kontakt Språkrådet på telefon 22 54 19 50.

Med venleg helsing

Helge Dønvold
seksjonsleiar

Erlend Trones
namneansvarleg

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Vedlegg: Namnesaksskjema til høyring i namnesak 2026/54

Lenkjer: [Lov om stadnamn](#)
 [Forskrift om stadnamn](#)
 [Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn](#)

Kopi SPRÅKRÅDET